

LANDSMØTE 2014

Sak 6. Handlingsplan

Styret sitt framlegg til vedtak

Styret gjer framlegg om at landsmøtet vedtek følgjande handlingsplan:

Handlingsplan 2014

Handlingsplan for LLP for 2014 er forma som ein årsplan og er forankra i LLP sin organisasjonsstrategi 2011-2015, Jf. sak 9.3 vedteke på landsmøte 2011.

Strategi 1: LLP skal vere eit arkivpolitisk talerør på arkivfeltet.

Tiltak:

- LLP skal følgje opp stortingsmeldinga om arkiv gjennom deltaking i Riksarkivet sitt SAMDOK-prosjekt
- LLP skal gjennom heile 2014 øke oppmerksomda om arkivsektorens behov og utfordringar gjennom dialog med embedsverk og politikere.
- LLP skal rette merksemd på arkivfeltet gjennom å publisere minst ein kronikk i rikspressa.
- LLP skal møte familie- og kulturkomiteen på stortinget med innspel til statsbudsjettet 2015. Innspelet skal søkjast kringkasta i media.
- LLP skal følge opp den varsla revisjonen av arkivlova, gjennom å levere innspel og delta i høyringsprosessen.

Strategi 2: LLP skal arbeide for å heve nivået på arkivarbeidet og bidra til fagleg utvikling.

Tiltak:

- LLP skal vere med på å arrangere Nordisk arkivfomidlingskonferanse 2014.
- LLP skal delta i utviklinga av ASTA og Arkivportalen.no.
- LLP skal samarbeide med Kulturrådet og Riksarkivet om ein privatarkivkonferanse.
- LLP skal følgje opp arbeidet med fylkeskommunal administrasjonshistorie.
- LLP skal lyse ut stipend for 2014, dersom økonomien i organisasjonen tillet det.

Strategi 3: LLP skal styrke faglege fellesskap og nettverk.

Tiltak:

- LLP vil i saker der det er naturleg samarbeide med andre aktørar, som Norsk Arkivråd, KS-arkivgruppe, Riksarkivaren, Norsk museumsforbund og Kulturrådet.
- LLP vil delta i samtlege prosjektgrupper i Riksarkivet sitt SAMDOK-prosjekt.

Revidert organisasjonsstrategi for LLP fram til 2015

Om LLP:

LLP (Landslaget for lokal- og privatarkiv) er en landsdekkende organisasjon for institusjoner og enkeltpersoner, som har interesse for og som arbeider med bevaring og formidling av arkiver etter private og offentlige rettssubjekter.

Mål:

- LLP skal være et arkivpolitisk talerør på arkivfeltet.
- LLP som organisasjon skal arbeide for å heve det faglige nivået på arkivarbeidet blant sine medlemmer.
- LLP skal styrke faglige fellesskap og nettverk.
- LLP skal hvert år utarbeide en handlingsplan med tiltak, for å nå de overordnede strategiske mål. Handlingsplanen legges hvert år fram for landsmøtet for godkjenning.

LLP ønsker å være en aktiv aktør og profesjonell organisasjon på arkivfeltet. LLP ønsker å styrke ressursene i organisasjonen, for å kunne være et viktig talerør. I en aktiv dialog med medlemmene vil LLP styrke faglige fellesskap og nettverk.